

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep.

24. juni 2014

0030 OSLO

Framtidig støtteordning for vekeaviser - høyringsuttale frå Dag og Tid

Medietilsynet skriv i sin rapport at det er «bred enighet om at en overgang til objektive og transparente kriterier tross alt vil være bedre enn dagens ordning» – altså flytta ordninga frå Kulturrådet til Medietilsynet.

Denne semja er kanskje rett. Vi vil likevel påpeika at Dag og Tid ikkje er mellom dei som støttar denne overgangen.

Norsk kulturråd har sidan 2007 administrert støtteordninga for vekeavisene. Dei siste fem åra har Kulturrådet styrt etter klare retningslinjer – der kvalitet skulle vera sentralt i vurderinga av støtta. Vi synest ordninga som Kulturrådet fekk til her, var klok.

Vi ser likevel positivt på Medietilsynets framlegg til formulering av formål for produksjonstilskotet med vektlegginga på «høy kvalitet og uavhengig journalistikk med ulik kulturell og samfunnsmessig betydning». At vekeavisene held høg kvalitet, er avgjerande for å sikra pressestøtta på sikt.

Ja til fordelingskriterium

Vi er dessutan glade for at Medietilsynet tek til orde for at:

«det bør vurderes å innlemme et fordelingskriterium i forskriften som omhandler *nynorsk*»

og at tilsynet stiller seg bak Kulturrådets innspel om at ein bør:

«utarbeide et fordelingskriterium som gjør at aviser som skrives og redigeres på nynorsk kan få ekstra statstilskudd».

Som det kjem fram i rapporten, er det «hevet over tvil at nynorskepublikasjoner har særlige utfordringer i markedet, spesielt på riksdekkende nivå».

Desse marknadsutfordringane syner seg mellom anna ved at det berre er *éi* riksdekkjande avis i Noreg som er utgjeven på nynorsk. Dessutan går berre 5 prosent av den direkte pressestøtta i dag til aviser redigerte på nynorsk. Det er ein uheldig situasjon når Stortinget har slått fast at vi har to likestilte språk i dette landet.

Å sikra minst éi levedyktig og riksdekkjande nynorskavis er god språkpolitikk. Meir nynorsk i bokmålspressa er viktig, men eit sjølvstendig språk må òg ha egne kraftfulle redaksjonelle miljø som kan dyrka fram eit godt mediespråk og som kan synleggjera at nynorsken står på egne føter.

Dei nynorske lokalavisene gjer her ein viktig innsats. Men dei er nettopp lokalaviser og når i liten grad ut over sine egne geografiske kjerneområde. Dessutan er det mange tema som lokalavisene ikkje skriv om – som nasjonal og internasjonal politikk, og ordskifte av nasjonal betydning. Her er det berre den nynorske rikspressa som kan gjera ein innsats for det nynorske skriftspråket.

Vi har tidlegare i år oppmoda Kulturdepartementet om å få til ei særskild satsing på riksdekkjande nynorskaviser, i praksis Dag og Tid, med ein eigen post på statsbudsjettet slik Det Norske Samlaget har det blant forlaga. På denne måten kan ein bidra til at den nynorske rikspressa kan gjera seg meir gjeldande i Medie-Noreg.

Eit alternativ til ei slik særskild tilskotsordning er Medietilsynets framlegg om ein eigen sats for nasjonale vekeaviser på nynorsk. Ei slik ordning vil òg bidra til å styrkja nynorsk rikspresse. Spørsmålet er kor stor denne satsen skal vera. I notatet har Medietilsynet teke utgangspunkt i 10,85 kroner per eksemplar – noko som vil gje den same støttesummen til Dag og Tid som avisa får i dag. Vi vil sterkt tilrå å auka denne satsen for å sikra ei kraftfull riksavvis på nynorsk.

Kor stor satsen for vekeaviser på nynorsk skal vera, kan ikkje berre vurderast objektivt, men ut frå språkpolitiske vurderingar. Di viktigare ein meiner det er å sikra ei kraftfull nynorsk riksavvis – di høgare set ein denne satsen.

Ja til støttetak

Medietilsynet er inne på at det kan:

«være et alternativ å innføre et øvre støttetak i forhold til opplaget» og nemner eit støttetak for opplag på 20 000 eksemplar.

Eit slikt støttetak på 20 000 er fornuftig, då eit opplag på dette nivået gjev eit godt økonomisk grunnlag for sunn drift. Med eit slikt opplag er ein òg ein interessant kommersiell aktør. Mediekonsernet NHST Media Groups oppkjøp av Morgenbladet syner det.

Vi meiner at støtteordninga til vekeavisene fyrst og fremst skal gå til nummer 2-avisene blant vekeavisene – for å sikra demokrati og maktspreiing.

Beste helsing

Svein Gjerdåker
ansvarleg redaktør og dagleg leiar i Dag og Tid

Sveinung Lindaas
styreleiar i Dag og Tid